



TEATER VESTLAND PRESENTERER

# SKOGSOPPLEVINGAR

## – ei teateroppleveling på øyret

**Du er hermed invitert til ei annleis teateroppleveling – ein komposisjon med naturen som scenografi.**

Grøne tilfluktsstader er kanskje viktigare i dag enn nokon gong, ein pause frå dei stressande, innesittande liva våre. Skogen kallar på oss, han ventar på at vi skal oppdage han på ny, han minner oss om den tiltrekkande, mystiske og altoppslukande krafta i naturen. Men har naturen blitt noko framand for oss? Presser vi heile jordas historie inn i eitt år, har det moderne mennesket eksistert i 37 minutt og brukt opp ein tredel av jordas naturressursar på berre 0,2 sekund. Korleis finn vi tilbake til kontakten med naturen? Og kva for svar om oss sjølve og liva våre kan vi finne her?

Skog er lyd. Ein akkord av liv og død, ein tone som har sunge gjennom verdas skogar gjennom 300 millionar år. Regissør Elisabet Topp og komponist Eirik Havnes har saman skapt ein komposisjon du kan laste ned og ta med deg ut på tur. Du kan høyre på den på favorittplassen din i skogen, men du treng ikkje å gå lenger enn ut i hagen. Du startar gåande, og så får du beskjed om kva du skal gjere.

Teateropplevelingar krev som regel at du må kjøpe billett og møte opp på ein bestemt stad til eit gitt klokkeslett. Med Skogsopplevelingar tilbyr Teater Vestland ei gratis oppleving du kan laste ned og ta med ut på tur når det passer for deg, og som du kan lytte til igjen og igjen. Det er ei oppleving du har åleine her og no, men det er sjølvsagt ingenting i vegen for å gå saman med vener eller familie – og så kan de snakke om opplevinga etterpå. Opplevinga er skapt for vaksne.

Du kan laste ned lydopplevinga eller strøyme den direkte, og du spelar den av med mobilen din og høyrrer på den med høyretelefonar eller øyrepluggar. Du finn Skogsopplevingar der du til vanleg strøymer podkast, eller på heimesida vår [teatervestland.no](http://teatervestland.no).

Teater Vestland har også inngått eit samarbeid med dagsturhyttene. Nesten alle kommunane i Vestland har dagsturhytter, og der vil det henge ein QR-kode som du kan skanne, og så kjem du rett til lytteopplevinga på nettsida deira [dagsturhyttene.no](http://dagsturhyttene.no).

Gjennom denne lydopplevinga inviterer vi til å sjå verda kring deg med nye auge.

Vi ønsker deg ein god tur!



*«Eg går ut i skogane fordi eg ønsker å leve eit bevisst liv, for å bli konfrontert med dei essensielle kjensgjerningane i livet og sjå om eg ikkje kan lære kva det har å lære meg, så eg ikkje ved slutten av livet skal oppdage at eg eigentleg ikkje har levd.»*

*– Henry David Thoreau*

